

Volleyball

Styret for 2002:

Leiar:	Kristin Thue	Oppmenn:	
Nestleiar:	Kenneth Mikalsen	1 divisjon damer:	Nina Farsund
Kasserar:	Kåre Nyheim	3 divisjon herrer:	Jan Tore Mostrøm
Skrivar:	Jan Tore Mostrøm	4 divisjon damer:	Kristin Thue
Styremedlem:	Tarjei Raniseth		
Valkomite:	Marit Mjelde og Ann Helen Foss		

Styret vart endra med at Tarjei Raniseth gjekk inn som nestleiar og Kenneth Mikalsen som styremedlem.

I 2002 har volleyballgruppa hatt 35 medlemmer fordelt på 3 lag; 1 divisjon damer, 3 divisjon herrre og 4 divisjon damer. Styret har hatt 3 styremøter.

Trude Jacobsen er varamedlem i Hordaland Volleyballkrets.

Anleggsituasjon

Damelaget har i 2002 trent 2 gonger i veka, ein kveld i Stemmemyren og ein kveld i Åstveithallen. Me har også i år hatt eit samarbeid med Nyborg volleyballklubb. Herrelaget og damer 4 divisjon har trent ein gong i veka i Osterøyhallen. Heimekampane har alle laga spelt i Osterøyhallen.

Økonomi:

Hovedsponsorane som har vore med oss i år er: LOBAS og CCB Stål. Ein stor takk for god stønad. Ellers ein takk til alle dei andre "små" sponsorane våre som gjer det lettare for oss slik at me får dekt ein del av dei lange reisene våre.

Dugnadsarbeid i Stadionbygget og i Osterøyhallen har me også hatt. Det var damene frå 1 divisjon og 4 divisjon som hadde denne dugnaden. Me hadde eit julelotteri og det var det herrelaget som tok seg av. 1 divisjon damer hadde også dugnad for Friele Kaffi.

Påskecupen som vart arrangert saman med Fotlandsvåg I.L. si volleyballgruppe vart også i år ein kjempesuksess. Cupen gjekk med godt overskot. Her var det 1 divisjonsdamene som hadde ansvaret, men begge dei to andre laga hjalp til.

Gruppa har framleis nokre volleyball t-skjorter igjen!

Lokalpressa er framleis flinke til å skriva om volleyball, og gjev oss dermed god marknadsføring. Hjarteleg takk til Bygdanytt og Ostringen!

Sportlege prestasjoner

1 divisjon damer:

Etter haustsesongen har damene 4 singlar og to tap og ligg på 3 plass. Ein bra prestasjon så langt! Laget har fått 3 nye spelarar og Britt-Helen Romøren har barselpermisjon. Nye spelarar er: Ragnhild Eri, Beate Lokyø og Silje Rossvoll. Damelaget er utan trenar i år.

3 divisjon herrer:

Herrene har vunne to av kampane sine så langt i sesongen. Dei slit med for få spelarar både på trening og kamp. Det er komen ein ny spelar i løpet av sesongen. Trenar i år er Trude Jacobsen.

4 divisjon damer:

Haustsesongen har vore litt opp og ned for jentene. Dei har hatt kampar som har vore bra medan andre har vore dårlege. Dei har tapt alle kampane sine og står utan vunne sett. Dei er for få som møter opp på trening, difor blir det heller ikkje det store resultatet ut av det. Her trengst det skjerping til !! Tranar i år er Kristin Thue.

Framtidsplanar

Me vil i år ta initiativ til å arrangera påskecup i volleyball. Det er viktig at mange får prøva seg i volleyball og det er god reklame for volleyballsporten.

Klubben bør satsa meir på rekruttering. Det som er ynskje er å starta opp 13 års lag, men ein må også ha trenar til å ta seg av det.

Det er ynskje om å arrangera kurs "volley 2000" og dommarkurs.